

Protokoll frå Møte i Høyanger Sokneråd

Onsdag 10.05.22, kl 18

Desse møtte: Marit Tonning, Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Vidar Myren, Andreas Ester, May-Wenche Fossmark, Ali Kharrat

Innkalling, sakliste og møteprotokoll frå møtet 04.04.23 vart godkjent. Det var ei ekstra sak.

Meldingssaker

Sak 22: Soknepresten snakka om alt som skjer no. Det var gudsteneste 1. mai. Det er gudsteneste i Måren 2. pinsedag. Som illustrasjon på gudsteneste programmet har Andreas valt eit ikon av Andrey Rubilof. Dette er eit ikon av den gamaltestamentlege treeinigheita.

Sak 23: Adminstrasjonssekretær Ali Kharrat var invitert for å samtale og korleis vi samhandlar. Ali har tidlegare hatt eit møte med fellesrådet. Han har laga seg ei rutine for arbeidet han gjer. Vi vart einige om at soknerådet sender stoff til Ali, som han publiserer på sosiale media. Vi har konto på Facebook og Instagram. Ali, i samarbeid med Andreas, lagar plakatar i samband med gudstenestar.

Sak 24: Vi har fått post frå: Bibelgaven, Misjonstidende og Stefanusstiftelsen.

Sak 25: Frist for stoff til Helgestunder er 30. mai. Vi ønsker ein notis om at vi på førespurnad kan ha open kyrkje på andre dagar enn tordag. Det vert eit intervju med Stig Johnny Fitje, den nye kyrkjevevja. Soknerådet vart oppnoda om å sende inn spørsmål.

Sak 26: Det er rydda på gravplassen på Øvre Søbø. Stoda på Tunga er OK. Det er behov for å spyle stien både på tunga og Øvre Søbø. Hellegangen ved kyrkja er overgrodd av gras. Desse jobbane er det aktuelt å få kommunen til å gjere. May-Wenche kontaktar kyrkjevevja.

Sak 27: Det er kun seks personar på lista til soknerådsvalet. To personar som tidlegare sto på ei supplerande liste, har trekt seg.

Sak 28: Vi har fått tilbod om ei multimediaforestilling om Markusevangeliet. Vi undersøker pris og vilkår.

Sak 29: Lars Petter og Vidar var saman med representantar frå dei andre sokna i møte med prosten, 04.05. Vidar og Lars Petter orienterte. Tema for møtet var preste situasjon i Lavik og Sørsida.